



Årsberetning for Kvinnherad Handballklubb 23/24

I perioden frå førre årsmøte har det vore 6 styremøter i Kvinnherad Handballklubb.

Styret har i denne perioden vore samansett av 9 medlemmer:

- Daniel Haugland – Betalt styreleiar
- Marte Børve – Nestleiar og sportsleg ansvarleg
- Dagfinn Gjerde – Økonomi
- Thomas A. Ørbeck - Arrangementansvarlig
- Lillian Gjuvsland – Dommaransvarleg og ressurskontakt
- Malin R. E. Brix - Sponsoransvarleg
- Cecilie Bjørke – Ansvarleg fysisk trening
- Janniche Haugland – Styremedlem og lisensansvarlig
- Kjetil Larsen - Styremedlem

Rekneskapsfører for perioden: Sumarum

Saker som har vore til behandling:

Inntektsbringande tiltak.

Det har i perioden vore søkt om midlar til ulike prosjekt, der to søknader har vorte innvilga av Sparebank1-stiftinga. Klubben mottok støtte til innkjøp av utstyr til Kvinnherad Arena, samt til KHK Foreina. Det er kontinuerleg behov for utstyrsfornyng, draktsett, dommarutvikling, handballskular, m.m., og klubben fortsett med sitt arbeid å søke dei ulike støtteordningar som blir tilgjengelege.

Klubben hadde fire sponsoravtaler til utløp ved årslutt 2023, der to avtalar blei fornya. Styret har revitalisert klubbens sponsorpakkar –og materiell, der det fra neste sesong vil vere viktig med ein god jobb knytt til fornyng av sponsoravtalar som står til utløp ultimo 2024. Det har vist seg utfordrande å tiltrekke seg nye sponsorar utan eit aktivt damelag, noko klubben, med Malin Brix i spissen, har jobba hardt for å få på plass.

Det er i mars 2024 inngått avtale med Bambusa knytta til klubbasert dugnad. Det er her beslutta at 50% av overskotet skal gå direkte tilbake til laga, som bidrag til cup og sosiale tiltak. Resterande 50% går til klubben med hovudformål cup, utstyr og anna som kjem spelarar til gode. Klubben anerkjenner at utgifter til cup, spesielt for eldre lag, har auka dei seinare år, og at sjølv om dei ulike laga gjer gode jobbar med eigne dugnader så er det ofte behov for økonomisk støtte for å redusere kvar enkeltes eigenandel. Første dugnad går av stabelen mai 2024.

Det blei i januar 2024 vedtatt å gå over til Spond Club som medlemsskapssystem. Dette medførte ei god og naudsystnt opprydding i klubbens medlemsbase, samt har gjort betaling for medlemmer enklere å gjennomføre, då Spond blir benytta i det daglege. Dette samsvarer også

med kva andre organisasjonar i området benyttar seg av, og er derfor kjent for medlemmene. Dette i sin tur har medført ei auke i inntekt frå medlemskontigent.

Grunna endring i praksis frå Norges Idrettsforbund knytt til Samordna registrering har også klubben måtte endre sin praksis for når kontigent faktureres. For å være i tråd med Norges Idrettsforbund sine retningslinjer vil klubben derfor fakturere medlemskontigent for 2023 og 2024 i rekneskapsåret 2024. Fra og med 2025 vil det bli fakturert medlemskontigent for inneværande år.

Kiosksal bidrar også godt på klubbens inntektsside, og det er lagt ned ein god jobb av Kjetil Larsen og dei frivillige i kiosk knytt til dette.

Resultatrapport viser driftsresultat stort kr 199.385. Klubben anerkjenner at resultatet er noko misvisende, då det er inntektsført eit betydelig beløp knytt til dugnadsinnsamling for Rødspettecup, der mykje av utgiftene vil bli ført i kalenderåret 2024.

Administrativt:

Styret har vidareført sitt arbeid med drift av klubben, herunder organisering, oppsetting av treningstider, lag og trener -og lagleiarkabalar, drøfting av problemstillingar og løysingar, utarbeiding av instruksar og rutinar, politiattestar, utdanning, GDPR, søknader ifbm. sponsorat og stipend, rekruttering, utstyr, deltaking på seminar m.m. Det er eit aukande administrativt press på klubben då det stadig kjem aukande reguleringer for å vere compliant med gjeldande regelverk. Kombinert med at det er få ressursar tilgodesatt dette arbeidet i klubben medfører det mykje tid benytta på enkeltpersonar, spesielt styreleiar. Det må på sikt vurderes om noverande arbeidsfordeling er bærekraftig.

Anlegg:

Klubben har som for tidlegare år slitt med hallkapasitet og utstyslogistikk som følge av å måtte ha treningar i ulike hallar. KHK har vært aktive pådrivarar i arbeidet for å få auka hallkapasitet på Husnes. Gjennom sesongen har klubben hatt treningstider i Kvinnherad Arena, til stor glede for spelarar og støtteapparat. Det har vore nokre oppstartsproblem knytt til låste dører og tilgonger, samt rutinar for klistervask, men gjennom sesongen og i dialog med Arena har dette gått seg til. I Kvinnherad Arena er det til disposisjon to fulle flater, ei full flate på tvers, 6 minibaner og 1 kortbane.

Til tross for Arena er det framleis begrensa kapasitet i Kvinnherad, og klubben har vore naudt til å også ha treningstider i Husneshallen.

Resultat og lag:

Styret er nøgd med resultata for fleire av laga. Det har for 23/24-sesongen vore full aktivitet frå og med 7 år og oppover. Dei fleste kampar har vore gjennomført ihht. oppsett.

Klubben har denne sesongen ikkje hatt eit påmeldt lag for 12-åringer, grunna for få spelarar. Dei født i 2011 som har villa spelt handball har vore inkludert på klubbens lag for 2010, J13. Ettersom laget berre har 1 trenar og 2 hjelpetrenarar, samt har vært påmeldt med 1 lag, vore

utfordringar knytt til nok mengde speletid på kampar. Laget og klubben har vore i dialog gjennom sesongen, og jobber mot neste sesong for å finne betre løysingar på dette, men er avhengig av at føresette trør til.

Dei yngre laga utviklar seg godt og har gode trenarar og støtteapparat. Rekrutteringa til yngre lag er tilfredsstillande, men det må fortsett leggst ned jobb for å halde oppe god rekruttering, både av spelarar og støtteapparat.

Klubben ynskjer i tillegg til ordinær rekruttering å rekruttere fleire gutar. På initiativ frå Marianne Bjerke har det vore oppretta ei treningsgruppe for 8-åringer, der det på siste trening var tilstede 10 gutar, noko som er særskjelt. Klubben ønskjer å støtte oppunder denne satsinga og bidra til at fleire gutar begynner å spele handball.

KHK har hatt treningsgruppe for damelag for sesongen 23/24, der dei siste halvdel av sesongen har hatt to treningar i veka. Her har Malin Brix og Thea Vaage vore ansvarlege, med hjelp frå Rivo Tars og Kjetil Larsen. Det jobbes mot at laget neste sesong er påmeldt seriespel.

KHK Foreina har vore påmeldt seriespel i Rema1000 Hjerteligaen. Eit av desse arrangementa var for første gong på lenge på heimebane, i oktober 2023. Tilbakemeldinger herfra er at dette var ei veldig kjekk oppleving både for spelarar og publikum. I tillegg deltar Foreina på avslutning i Førde, med overnatting og bankett. Her har laget motteke støtte både frå klubben og frå Sparebank1-stiftinga.

Det har for J14 og J15 vore spelarar som har delteke på Sonesamling i regi av Handballforbundet. Erfaring herfra er at dette har vore kjekke treningar på høgt nivå, men at samlingane overhodet ikkje er tilpassa lag i distrikta. Denne tilbakemeldinga er gitt regionen, utan følelse av noko gehør eller forståing.

Det har også vore på forespørsel av Stord Handball gjort eit forsøk på å etablere eit lag i Bringserien 2024 / 2025. Det blei i januar 2024 starta felles treningsgruppe, der dei som ynskja frå J14 og J15 deltok. Alle spelarar frå Stord sitt J15-lag, bestående av 09 –og 08-modellar, deltok. Det var avtalt at etter 4 uker skulle det gjøres eit uttak, der dei beste blei med vidare. Klubbens erfaring frå treningane dei 4 ukene var at det var for mange spelarar med for variabelt nivå til å få til gode økter, sjølv om Stord stilte med mange trenarressursar. Det blei også ei endring frå Stord si side, der dei kom med kontrabeskjed om at dei ikkje ville gjere uttak blant sine egne. Dette i kontrast til opprinnelig informasjon gitt. Fra KHK si side så vart det gitt tilbakemelding om at det var nødvendig for å få riktig nivå, og at klubben ikkje ønska å gå vidare med satsninga som følge.

Deltaking på cup:

Styret ynskjer at alle lag i aldersbestemte klassar skal ha moglegheit for å delta på cup, og har som mål at dette skal vere til inspirasjon for spelarar og trenarar.

Det har for inneverande sesong vært avholdt minicuper i Kvinnherad Arena. Tre av klubbens lag deltok på Rødspettecup i Danmark, eit lag reiste til Kongeparken Cup og fire lag deltok på Handballfestivalen på Stord. Klubben synes dette er særskjelt, og ser at laga legg ned god

innsats i form av dugnadsarbeid for at eigenandel skal bli så låg som mogleg for den enkelte spelar.

Arrangement:

KHK arrangert ein vellukka handballdag for 1. klassinger, september. Dette bidrog til rekruttering av nye førsteklassingar, der det for sesongen har vore eit lag på Husnes. Spelarantalet har sidan dei første treningane avtatt, og klubben anerkjenner at det må legges inn fleire ressurser for å få trenarar og spelarar kjent med handball.

Klubben har avholdt minicupar i Kvinnherad Arena. Arrangementa var velluka og ei kjekk oppleving for dei som var tilstades.

Klubben har ikkje avholdt handballskule i perioden. Det var forsøkt avholdt Rema1000 handballskule haust 2023, som blei avlyst grunna for få påmeldingar. For vinterferien var det ikkje tilgjengelige ressursar, noko som er synd. Handballskule har ikkje dei seinare år vore eit inntektsbringande tiltak for klubben, men ein aktivitet for å sette fokus på handball, samt gje eit tilbod i feriar. Klubben kjem til å forsøke å fortsette med handballskular for neste sesong.

Videre har klubben avholdt uformell julecup mellom klubbens fire eldste lag (med mixa lag).

I mars 2024 blei det avholdt eliteseriekamp i handball i Kvinnherad Arena, for første gong, når Bergen møtte Sandnes. Denne kampen ble initiert av Norges Handballforbund og Kvinnherad Arena, der KHK tok seg av planlegging og gjennomføring. Dagfinn Gjerde, Kjetil Larsen og Daniel Haugland utgjorde arrangementskomiteen, der det på kampdag blei satt i sving nærmare 60 frivillige for å få til gjennomføringa. Tilbakemeldingar frå Bergen Håndball, Kvinnherad Arena, frivillige og publikum er at dette var eit svært vellykka arrangement, med mykje liv og publikum tilstades. Dette gir motivasjon for gjentakelse, og klubben vil vurdere framtidige kampar på same nivå. Det er til årsmøtet ikkje motteke alle fakturaer for utgifter, og dermed ikkje klart eit rekneskap over arrangementet. Det er forventa at klubben går noko i minus, noko klubbens styre har vore kjent med siden tidleg planleggingsfase. Det har vore fokus på at erfaring med gjennomføring av arrangement, samt publisitet for klubben, også har vore viktige faktorar for gjennomføring.

Trenarutdanning:

Klubben har denne sesongen vidareført tilbodet om utdanning for dei som vil ta trenarutdanning. I tillegg legg klubben til rette for dei som ynskjer dommarutdanning.

Klubben ynskjer å fortsette med å avholde internt trenerkurs for ferske trenarar.

Styret har vidareført sin avtale for bruk av appen Learn Handball, som alle trenarar og lagleiarar kan få tilgong til. Learn Handball inneheld foreslåtte øvingar til ulike alderstrinn og vurderes som eit godt hjelpemiddel for å få i stand gode treningar.

Dommarutdanning:

Klubben har i løpet av sesongen vidareført sitt arbeid med å utdanne fleire dommarar, og tidligere utdanna barnehandballdommarar har gjennomført kurs for "Dommer 1". Dommaren har vist stor vilje til å delta på kamper som dommarar. Dette er både kjekt og viktig for

klubben. Det har mot slutten av sesongen vorte færre og færre av dei utdanna dommarane som har ynskja å dømme kampar, og det er stort behov for å utdanne nye dommarar til neste sesong.

Heimeside:

Klubben har ei eiga heimeside, www.kvinnheradhk.no
Sida vert sponsa av iDrift, herunder med domene og sikkerheit. Heimesida blir halden oppdatert av styret.

Organisasjon:

Klubben sitt styre består av 4 menn og 5 kvinner, primært busett mellom Valen og Herøysundet. Fleirtallet i styret har hatt fleire periodar i styret. Det jobbes kontinuerleg med å rekruttere styremedlemmer ut i frå behov, samt å oppretthalde eit kompetent styre som ynskjer å vidare arbeidet for å fremme handball for born -og unge i Kvinnherad.

Klubben benyttar Sumarum som rekneskapsfører.

KHK har denne sesongen fornya sin utstyrsavtale med Hummel, no gjeldande fram til 2028. Bakgrunnen for beslutningen var av hensyn til føresette som allereie har kjøpt inn Hummel-utstyr til sine born, og at klubben ikkje ønsker å medføre dei ei ekstrakostnad ved skifte av leverandør når vi allereie befinn oss i ei dyrtid.

Klubben har i løpet av sesongen forsøkt å styrke arbeidet knytt til sosiale medier. Dette har til dels vore vellukka, men er eit utfordrande arbeid grunna personvern hensyn som skal iverates. Styret vil fortsette dette arbeidet.

Beathe Høydal og Kjetil Larsen har vore kioskansvarleg for klubben i inneverande sesong.

Ressurskontakt:

I samband med den kommunale satsinga mot barnefattigdom, har Kvinnherad idrettsråd utfordra alle idrettslag til å ha ein ressurskontakt i klubben. Kvinnherad Handballklubb har ein eigen ressurskontakt.

Ressurskontakten er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten vil vere kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom. Kommunen vil oppretta eit felles forum for ressurskontaktane.

Det er spelt inn ønske om å gjere økonomisk støtte meir tilgjengeleg, med eigen informasjonsside om det på klubbens heimeside. Dette er satt på agendaen i forbinding med oppdatering av heimeside knytt til neste sesong.

Lillian Gjuvslund er klubbens ressurskontakt.

ÅRSMELDING LAG:

I år har vi hatt treningsgrupper for J6, J7, J8, G7-og 8, J9, J10, J11, J13, J14, J15, J16, KIIK Foreina og damelag.

På alle lag gjer trenarar og lagleiarar ein kjempejobb. Arrangement, kiosk, hallvakt, fairplay-vert og øvrig knytt til kampavvikling er dugnadsbasert av foreldra.

RAPPORT FRÅ LAGA SESONGEN 2023/2024

KHK FOREINA

Vi er 13 spillere og 3 trenere som rullerer på treningene. Vi har trening på mandager og har bra oppmøte. Vi har hatt 8 helger med kamp der en av dem var hjemmekamp. Vi har et veldig bra miljø i laget og de er flinke å samarbeide og heie hverandre frem.

JENTER 6

Pt. er det 7. jenter med på treningane. 6 er på Spond. Frammøte varierar ein del, og det er ei utfordring når to-tre ikkje kjem på treningane. Det er kun jenter med. Det har blitt vurdert å rekruttera litt meir aktivt, men det tenkjer eg ein tar etter sumaren. Treningane er i Kvinnherad Arena. Jentene har synt framgang ift. det tekniske, men treningane blir prega av mykje leik og det som gjev dei positive opplevingar. Det handball faglege har latt vente på seg litt. Dette til tross, er dei blitt relativt OK på å ta imot ball og kaste. Innsatsen er det lite å sei på.

No er det eg (Eivind Kjerpeset) og Katrine Hvidevold som trenar dei.

JENTER 7

Trenarar: Kjetil Larsen, Caroline Sundsteigen, Rune S Ottosen/Sigrunn M Ottosen

Lagleiarar: Merete V Røssland, Brynhild Stokka

Antal spelarar: 13 jenter (Frå Husnes, Valen og Herøysund)

Me starta året med ganske få spelarar på laget, men har etter kvart fått mange nye spelarar, noko som er veldig kjekt.

Laget har eit godt treningsoppmøte, og god deltaking på cup.

Jentene er som regel positive og engasjerte, og har hatt stor framgang i løpet av sesongen.

Me jobbar med å skape eit godt miljø i laget og snakkar ein del om korleis me skal vera mot kvarandre og korleis me vil ha det på trening og kampar.

Me har spelt på Stord, Fitjar og Fana så langt i år, og skal no arrangere heimecup for første gong. Me både tapar og vinn på cup, og lærer nye ting kvar gong.

Me har hatt 1t treningstid så langt, men har snakka om å auka opp dette snart, då me ser at det vert litt lita tid.

JENTER 8

Trenere: Jannicke Voster Bakke, Kirsti Hestholm Sund

Lagleder: Siren Pedersen Sjøvangen og Karianne Mathisen

Antall spelera: 15 stk fra Husnes, Sunde, Halsnøy og Dimmelsvik (14 jenter, 1 gutt)

Laget trener 1 time i veka i Husneshallen. Her er bra oppmøte både på trening og på cup. Ein fin, god framgang hos spelarane gjennom sesongen. Her har vi gått i fra å vera litt redde og usikker i kampsituasjon til å vera gode og trygge på banen.

Spelarane er gjevn mot sine konkurrenter, men reiser stort sett heim fra cup med gode resultat. Vi har vert veldig fornøyde med å ha cuper i Stord/Fitjar området, og sleppe å reise til Bergen. Håper på dette for neste sesong også.

GUTTER 8

Nylig oppstartet guttelag i KHK. Guttene er 2015 modell, blir 9 i 2024. De er mellom 7 og 10 stykker. Trener er Marianne Bjerke. Nancy Schneider hjelper til. Vi har ikke delegert andre roller enn trener ennå da alt er helt nytt. På de tre treningene vi har hatt, har vi hatt fokus på at det skal være gøy og at guttene skal føle på mestring med ball i hendene. Vi har bl.a. kastet og skutt og prøvd å spille kamp. Vi øver også på litt regler, men mest fokus på at alle skal føle at de mestrer noe. Det er viktig at det ikke blir for seriøst ennå. Vi legger lista ganske lavt da flere av guttene ikke har spilt før og noen har spilt litt for to år siden, i 1.kl. Men med tanke på at de er så store som de er, må læringskurven være litt bratt så de når opp til nivået til jevnaldrende som har spilt hele veien siden 1. klasse. Men det tror jeg går veldig fint. Ser mye bra potensiale i guttene og det kan bli veldig bra med god oppfølging.

JENTER 9

Trenarar: Vilde Kversøy Opheim og Synne Njøs

Lagleiarar: Niels Jakob Erlingsson, Tom Andre Kaldestad, Øystein Slåke og Yirgalem Kahsay

Tal spelarar: 11 jenter

Laget består av 11 engasjerte jenter som har vist god fremgang i grunnleggande håndballferdigheiter i løpet av året. Laget har hatt treningar i Husneshallen i 1,5 time kvar måndag. Laget har delteke på 8 cupar i løpet av året, blant anna håndballfestivalen på Stord, i tillegg til kampar i Bergensområdet, Stord og Kvinnherad Arena. Laget har hatt stabilt oppmøte på treningane og på kampar, difor bør det vurderast å melde på to lag til cupar for å få tilstrekkeleg kamptrening.

JENTER 10

Trenarar: Leah Haugland og Aleksandra Finnebotten

Hjelpetreinar: Daniel Haugland

Lagleiar: Anette B. Haugland

Laget består av 8 jenter, frå Valen, Halsnøy og Uskedalen, samt 2 gutar som spelar med dispensasjon. Dei trenar ein gong i veka i Kvinnherad Arena. Det er ein kjekk og blid gjeng, med mykje energi. Spelarane har gjort framsteg denne sesongen på det handballtekniske. Laget spelar på kortbane, og har primært spelt kampar på Os og heimebane denne sesongen. Til neste sesong bør laget vurdere to treningar i veka, gitt at det finnes ressurser til det i trenarapparatet. Leah og Aleksandra har vore til god hjelp denne sesongen, men har signalisert at dei gir seg etter sesongen.

JENTER 11

Jente 11 er ein engasjert gjeng med handballspelarar. Dei har hatt to treningar i veka denne sesongen, ei i Husneshallen og ei i Kvinnherad Arena. Veldig kjekt med auka treningsmengde. Vi har vore 13 spelarar gjennom sesongen, men kjekt tilskudd av 3 nye spelarar frå Omvikdalen. Alle jentene har hatt god mestring og utvikla seg fint gjennom sesongen. Fin blanding av heimekampar i Kvinnherad Arena og bortekampar i Odda og Bergensområdet. Jentene viser fint samhald og er gode på å heie kvarandre fram. Dette danner eit godt grunnlag for vidare mestring og utvikling på handballbanen. Jentene fekk også vise seg fram og vere flaggbærar på eliteseriekampen som vart arrangert i Kvinnherad Arena palmesøndag. Dette var stor stas og veldig inspirerende å få sjå ein eliteseriekamp på heimebane. Kampsesongen vert avslutta med handballfestivalen på Stord.

Trenarar- Marte Børve Lie, Kjell Kristian Stråbø og Vegar Saghaug. Lagleiar Cecilie Bjørke

JENTER 13

Trenar: Jan Ove Prestnes

Hjelpetrenarar: Christian Smith og Kjersti Lofthus

Lagleiar: Kjersti Lofthus

Antal spelarar: 21 spelarar (frå Husnes, Halsnøy, Herøysund og Valen)

Jenter 13 består no av heile 21 jenter, då det gjennom hausten og våren er begynt 9 jenter. Laget består av både jenter fødd i 2010 (15 stk) og jenter fødd i 2011 (6 stk). Det er veldig godt oppmøte på treningane og stemninga er god! Jentene har trening kvar mandag og onsdag i Kvinnherad Arena – flott hall å trene i! Dei har også tilbud om å trene i lag med Jenter 14 på torsdagar. Denne har til no vore frivillig og det har ikkje vore like stort oppmøte her. Her vil me jobbe meir aktivt med å få alle til å stille også på denne treninga! Det er ingen tvil om at det å gå i frå 12 jenter, der fleirtalet har spelt i lag sidan dei var 7 år, til å bli 21 jenter - har bydd på utfordringar mhp samspel i laget. Dette er også følgelig hovedårsaka til at dei har tapt mykje av kampane denne sesongen. Så vegen vidare vil bli å bygge opp rundt samspelet, få meldt på to lag slik at alle spelarar får mykje kamptrening og halde på den gode motivasjonen og viljen som jentene har på treningane! Veldig kjekke jenter!

JENTER 14

J-14 trenar måndag kl 17.30-19.00, onsdag kl 16.30-18.00, og torsdag 16.30-18.00

Dei er 11 jenter.

Vi har godt oppmøte på trening, og det er god stemning i laget. Vi køyrer stort sett minibuss til bortekampar, det er sosialt og kjekt.

Vi har vore 8 rundar borte, og hatt 8 heimekampar. Jentene held eit godt nivå, samanlikna med laga vi møter. Dei har stor treningsvilje, og ivrige etter å lære nye ting.

Mandag trenar vi mest teknikk, onsdag trenar vi basis og teknikk, torsdagar har vi samtrening med nokre frå J13.

Vi har fortsatt litt «ekspert hjelp» frå Malin Brix. Det har gitt resultater.

I sesongen har vi hatt eitt lag i serien og ser ut til å havna på 3 plass.

Trenarar er Daniel Haugland og Dagfinn Gjerde

Lagleiar er Anne Grethe W Kaldestad

JENTER 15

Trenarar:

Kjetil Larsen
Eivind Opdal

Lagleiarar:

Guro Grønstøl Lie
Åshild Hvidevold Moe

14 spelarar.

Laget har hatt ein bra sesong.

Fint samhold mellom spelarane.

Godt oppmøte på treningar og kampar.

Jentene ligg no på førsteplass på tabellen, så dei skal vidare til sluttspel i Førde 20-21 april.

JENTER 16

Trener: Janniche Haugland

Hjelpetrener: Kjetil Heimvik

Lagleder: Anita Borgen Vågen og Anne Grethe kaldestad

Antall spillere: 18 stk

Laget består av 4 stk 2006 spillere og 13 stk 2007 spillere, der vi har spelt sesongen med dispensasjon.

Vi begynte sesongen med 18 spillere, men er nå nedi 15 stk. Laget har hatt eit litt ustabil treningsoppmøte gjennom sesongen. Dette mest pga fleire som har jobb. Men det har og vært litt lite motivasjon på noken etter mange år som spiller. Det har vært ei stabil gruppe på 6-8 spillere som har eit veldig godt oppmøte. Vi trener og sammen med damelaget 1-2 ganger i veka som dei kan velge å møte opp på.

Vi har vunnet eit par kamper og jentene har fortsatt å ta små steg mot å bli enda bedre. Det har vært veldig kjekt å få komme inn i Kvinnherad arena og få spele og trene i nye fasiliteter. Jentene skal på ein siste sprell i lag med Norway cup til sommeren før dei går over og slår seg sammen med damelaget.

DAMELAG

Trenara: Malin Brix og Thea Vaage

Hjelpetrener: Rivo Tars.

Talet på spelarar: 8 damespelarar

Talet på spelarar inkl. J16: 23 spelarar

Me starta opp damelag hausten 2023 som eit prøveprosjekt for å sjekka interessa for det. I starten trena me ein gong i veka og etter ein periode starta me opp med to treningsøker i veka. Laget har i all hovudsak bestått av ein grunnstamme på nokre eldre damer og så har J16 vorte integrert som damespelarar gjennom halvåret. Tre stk frå j15 har også delteke på nokre dametreningar i løpet av sesongen.

Treningstida vår har vore torsdagar og tysdagar 20:00-21:30, og treningsoppmøte har vore jamt og bra heile sesongen. Ambisjonen har vore og byggja opp eit damelag som forhåpentleg er levedyktig meir enn berre 1 sesong, og førebels ser utsiktene for dette svært bra ut.

J16 har teke til seg mykje bra lærdom frå dei eldre etablerte spelarane, og fokuset har hovudsakleg vore på miljø, tryggleik, samspel og meistring. Moglegheitene er gode for at dette kan bli eit bra damelag til hausten igjen.

Husnes, 09. april 2024

-Styret-

Janniche Haugland Marte L. Børve Thomas Ørbeck

Cecilie Bjørke Malin Brix Dagfinn Gjerde

Lillian Gjuvsland Daniel Haugland Kjetil Larsen

Sign.

